

Ein ting eg kan 'kje dylja

Tone: Godag godt folk i stova

- 1) Ein ting eg kan 'kje dylja, lyt seia det med deg
det fell so treskt aa fylja, med tidi no for meg
ei stund sovisst eg trudde, det bæra skal iveg
men nemmen um eg dudde, eg rauk paa rumpa eg
- 2) Folk fær i slikt eit føre, de' fisk d' flesk de' kjøt
aa da velsigna smøre, aa du kva høvebrøt
so egg aa ost aa anna, de' dyre saker so
at alle folk maa sanna, naar levde folk so no
- 3) No er det store flora, på nyaste facon
aa beisti soleis fora, de' feitt her no spørst um
ein streva, slit aa bala ,ein kjøpe høy aa mjøl
um ditta seg betala, da veit ein ikkje sjøl
- 4) Dei kloke karar teie, hev besta ruta valt
i gjønum kunstens vegar, tek merjen ut or alt
eg kan 'kje da fordøya, at folk med altslags tull
vil kraft aa helsa øya, paa ingjenting aa null
- 5) Eg veit 'kje kor de' skikka, ein hev so stor ei sut
for bondens mat aa drikka, kor den skal pinast ut
i sær den mjølkevæta. kor ho skal skakast til
du har vel haurt paa læta, taa alfasjøkjelse
- 6) Jau du no er her veie, te verta rik aa stor
maskineri aa greie, i stova aa i flor
men mjølki vert desverre baa' tunn aa glæ aa blaa
men smøre mykje bere, aa mengden so dei faa
- 7) No er det so me veta, einkvar vil gjedna sjaa
at hev godt aa eta, aa mjukt aa liggja paa
men ditta søta, fina, ein no servera med
aa feitt so no ein klina, det daarleg føda æ
- 8) Men no skal alt forandrast, aa finleik alt skal raa
so maa ein ikkje klandras, men godsleg bita paa
men sjaa me unna stolen, so er det mykje skrot
aa letta ein paa kjolen, so er det bot i bot
- 9) Dei seier at eg skrauva, men eg er lika trygg
naar ein kjem i da naua, er liti bodens rygg
aa skal ein gagns verk gjera, for land for folk aa fæ
aa værna landets æra, lyt bonden væra med

10) Ein straum so lognt den renner, i folkeandens hav
aa folk so lite kjennar, kvar det tilslutt bær av
da goda, stauta gamla so ikkje svikje hev
det skulle ikkje ramla, um daarskapen det krev

11) Kvarhelst me auga vender, me bondens stræv faar sjaa
med verk i lem aa endar, han livet slita maa
den fyrste maa han væra, men sist han verte gløymd
faa leva kun av æra, pangsjonen han vert gløymd

12) Me heva kaksar bratte, aldeles fri for sut
so ingjen ting grev atte, men berre øyder ut
de' andres braud dei njota, fraa livets gry til kvell
men endaa kan dei tjota, um bondens styr aa stell

13) Eg segjer til mi æra, dei folk so helsa ha
aa ingjting vil gjera, dei maa faa vita da
me kan dei godt undværa, dei kunne fara ut
til stader dei fekk læra, kva arbeid er aa sut

14) Eg takka dei so stræva, til landsens bate so
at alle folk kan leva, aa eiga kraftigt blo
men skal no alt maskinast, kvar bidig, bidsens klatt
aa dygdi utor pinast, kva er da so er att

15) Nei bonden maa forsaka, her er 'kje onnor raa
aa eta bær' si kaka, naar herrar kline paa
nei han maa regulera, alt etter grundig skyn
so da kan balansera, han faar 'kje noko løn

16) Naar alle ditta gjore, her anna styrnad vart
so rikleg mat paa bordet, for all folk so vart
men skal ein ditta ein vinna, til arbeids no kvar ein
aa ikkje verta sinna, de' livets krav min ven